



Møre og Romsdal
fylkeskommune

KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/5804-4	23.05.2022	124946/2022	Lene Mordal, 71 28 03 22	19.09.2022

Innspel til stortingsmelding om kunstnarpolitikken

Møre og Romsdal fylkeskommune takkar for innbydinga til å kome med innspel til ny stortingsmelding om kunstnarpolitikken.

Temaet var oppe til politisk behandling i møte 30.august 2022. Følgande samrøystes vedtak frå Kultur-, næring- og folkehelseutvalet er:

1. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet viser til invitasjon til å kome med innspel til den komande stortingsmeldinga om kunstnarpolitikkk. I lys av at den nasjonale kunst- og kulturpolitikken er summen av statleg, fylkeskommunal og kommunal politikk, oppmodar utvalet om at den komande stortingsmeldinga også synleggjer kommunal sektor sitt bidrag til og arbeid med den nasjonale kunstnarpolitikken.
2. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet sitt innspel er forankra i gjeldande fylkeskommunalt planverk og prioriteringar, og innspel frå aktørar i det regionale kunst- og kulturlivet.
3. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til innspel, og ber om at det blir sendt Kultur- og likestillingsdepartementet.

Sjølve innspelet er lagt som vedlegg.


Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Lene Mordal
rådgivar

Vedlegg

1 Møre og Romsdal fylkeskommune - Innspel til ny stortingsmelding om kunstnarpolitikken



Innspel til ny stortingsmelding om kunstnarpolitikken

Kva er dei største utfordringane for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar skal kunne bu og verke i vår region/landsdel?

Svaret er kategorisert i emne og samansett av kva som særleg kom fram i innspelsmøtet som fylkeskommunen arrangerte i 15. august for det regionale profesjonelle feltet.

Møteplassar og fagmiljø:

Aktørane i kunstfeltet opplever å ikkje ha nok tilfang på gode møteplassar og relevante fagmiljø, og dei som finns er ikkje så synlege og tilgjengelege. Her er få aktørar og få/små nettverk, og det manglar tilgjengeleg oversikt over kva kunstnarar som bur i fylket. Dette gjer miljøet sårbart.

Regionen manglar gode ordningar for kunstnarfellesskap, noko som er med på å hindre moglegheit til fordjuping. Aktørane har manglande kjennskap til kva som skjer innan kunstfeltet i fylket. Når miljøet er så lite blir det krevjande å rekruttere til kompetanse-arbeidsplassar.

Geografi:

I eit fylke prega av fjordar og fjell og store avstandar blir reisevegen både kostbar og tidkrevjande. Geografien gjer også at det blir komplisert og dyrt å nytte seg av kunstnarar i fylket til ulike oppdrag/prosjekt. Det går med mykje tid og pengar når ein skal delta på møter. Geografien skaper større avstand til kultursentera både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Den legg hindringar for samarbeid, og gjer tilgangen til den nasjonale frilansmarknaden vanskelegare.

Økonomi:

Kunstnarane har ein usikker økonomi, både på kort og lang sikt. Slik sett opplevast det som dyrt å vere kunstnar. Det blir vist til at mange ser det som risikabelt å flytte til fylket, med tanke på grunnlag for inntekt og andre rammevilkår for å utøve kunstnarleg verksemd. Ordningar og moglegheiter for frilansarar er det få av, og finst gjerne sporadisk. Institusjonane har ikkje midlar til å tilsette eller kjøpe dei kunsttenestene dei ønsker. Det manglar moglegheit for driftsstøtte til å drive fellesverkstad, til turnéar, og til residencies.

Feltet opplever seg nedprioritert i situasjonar med dårleg kommuneøkonomi. Det gjer at statlege og fylkeskommunale krav om kommunal medfinansiering som premiss for støtte, av og til slår feil ut; kommunane greier ikkje å prioritere det.

Det er også eit ønskje om at kunstnarstipenda bør vere større (full løn) og vare i minimum to år. Det trengs i det heile fleire ordningar som gjer det meir føreseieleg å arbeide som kunstnar i Møre og Romsdal.

Lokalar, arenaer:

I fylket manglar det gode arenaer og lokalar til produksjon, øvingar og visningsstader. Slike finns det meir av i sentrale strøk av landet. Studio er kostbart, og det manglar ordningar for å tilby studio til unge kunstnarar.

I tilknytning til å etablerer ein infrastruktur for arbeidsverkstader/studios, vektlegg kunstmiljøet i Møre og Romsdal at det også vil vere til stor nytte om slik infrastruktur også inneheld ei form for «administrator in residencies» - som kan gje administrativ støtte til kunstnarane.

Arbeidsforhold:

Kunstnarar arbeider ofte i kulturskolane – det gir ei føreseieleg inntekt til livsopphald. Kulturskolane må drifte etter etterspurnad, og på små stader med lågt innbyggartal er det kanskje ikkje så mange elevar innan kvar kunstart. Det medfører oppretting av midlertidige deltidsstillingar i kulturskolen. Kunstnarane kan ha mange deltidsstillingar i fleire kommunar, og dermed ha fleire arbeidsgivarar og alt det medfører av ekstra administrering, møtetid etc. Dei opplever manglande stillingssamarbeid mellom kommunane. Det er få, faste stillingar. I dei fleste kulturskolane er det ikkje tradisjon for, eller moglegheit til, å utøve sin profesjon innanfor stillinga. Dermed blir det ikkje tilstrekkeleg med tid og rom for utviklingsprosjekt for kunstnaren.

Den profesjonelle kunsten sin status:

Samfunnet har generelt ei manglande interesse og forståing for kunsten, og heller ikkje nok kompetanse om kva den er/kan vere og kva den betyr/kan bety for samfunnet. Det manglar bevisstheit rundt kunsten si rolle i samfunnsbygginga.

Kunstinstitusjonane er ikkje nok verdsette, og det let til å vere ei forventning om at kunstnarar skal arbeide «frivillig» eller med lite løn. Ein får til dømes ikkje betalt for kompetanseutveksling og møter.

Utdanningsmoglegheiter:

I fylket er et ingen høgare utdanningsinstitusjonar for kunstnarar innan fleire uttrykk. Unge kreative dreg til større byar, og få av dei kjem tilbake. Det er få moglegheiter for vidareutdanning.

Manglande samarbeid:

Det manglar samarbeid mellom forvaltningsnivåa, og også mellom dei enkelte kunstuttrykka. Dårleg samhandling fører til låg synergieffekt. Tverrsektorielle samarbeid har ofte krav om umiddelbar inntening, noko som ikkje alltid er mogleg i kunstverda. «Innteninga» vil vere meir langsiktig.

Få kunstnarar og underleverandørar:

I Møre og Romsdal er det få produsentar og teknikarar, og pandemien siste åra har ført til ei viss kompetanseflukt. Det er mangel på kunstkritikarar og diskurs.

Utfordringane skissert over, er langt på veg utfordringar som fylkeskommunen også har identifisert i vår «[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#)». For å nemne nokre, gir fragmenterte og til dels manglande utdanningstilbod på alle nivå, pressa økonomi for kommunar, kulturverksemder og blandingsøkonomi for kunstnarar dårlege rammevilkår for den profesjonelle kunsten. Likeså er det for få og for svake strukturar i apparatet mellom kunstnaren og publikum – til dømes arbeidsfellesskap, galleri, produsentar og arrangørar. Eit tema som ikkje vart særleg omtalt i innspela, men som er tema i den fylkeskommunale strategien, er området kulturell og kreativ næring. Vi ser på dette som eit potensiale, også fordi vi på landsbasis har låg score av sysselsette innanfor denne næringa. Møre og Romsdal har ei rekke vellukka oppstarts- og vekstbedrifter innan kulturell og kreativ næring, til dømes innan billettsystem, internasjonal kunstformidling, design, film og digital guiding av kulturminne. I skjæringspunktet mellom profesjonell kunst og næring ligg det ei moglegheit for produksjon og distribusjon av og med profesjonell kunst ved å prioritere tiltak som bidreg til teneste- og bransjeutvikling og kompetanseheving i næringa.

Kva for kunstfelt har det største potensialet for å oppnå auka rekruttering og etablering i vår region/landsdel?

Begrepet potensiale er noko uklart, og vi vel å sjå to-delt på det:

Musikk er det feltet som per i dag blir rekna som størst i Møre og Romsdal. Tal på musikarar i forhold til andre kunstnarar, musikk i kulturskole, kor, korps og annan frivilligheit innanfor musikk har ein sterk tradisjon. På den måten er det eit godt grunnlaget for å auke rekruttering og etablering. Det er likevel rom for større sjangerbreidde enn det som er i dag.

Dersom ein derimot nyttar ordet potensiale for felt som er lite representert, har både fri scenekunst, dans, biletkunst, visuell kunst, film, design og litteratur bruk for ei styrking. Dei to store scenekunst-institusjonane i fylket knyter til seg høvesvis dans, musikk og teater for alle aldersgrupper. Felta scenekunst (teater, dans) og film er særleg framheva i fylkeskommunen sin Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer. Norsk kulturindeks sin statistikk viser at kunstnarar innanfor desse felta er underrepresenterte i fylket. Utjamning og større mangfald innan kunstuttrykka er viktig for fylkeskommunen, også innanfor Den kulturelle skolesekken (DKS) og Ung kultur møtes (UKM) som publikum og deltakarar, men også som rekrutteringsarena for framtidige kunstnarar og kulturarbeidarar. Vi vil i samband med dette også framheve at DKS, som ein stor arbeidsplass for kunstnarane, treng ei styrking av økonomien for å auke volumet. Per i dag får elevane berre to DKS-besøk per skoleår mot tidlegare fire/fem. Fylkeskommunen brukar om lag same ressursane på å administrere ordninga og få turnéane ut til kvar skole, enten det er to eller fire besøk per elev. Ei styrking av DKS-ordninga vil komme kunstnarane og elevane til gode.

Det er potensiale for at kulturskolane, og dermed kommunane, ser på sine tilsette også som skapande og utøvande kunstnarar innan alle kunstuttrykk. Statistikk frå 2020 viser at det i landet var 13 prosent av barn og unge som fekk tilbod gjennom kulturskolar, medan det i Møre og Romsdal var 20 prosent. Dette indikerer ei stor gruppe kunstfagleg personell. Ut frå GSI-statistikken til skoleverket veit vi at det er ei overvekt av tilsette i kulturskolar som har kunstfagleg utdanning innan fleire uttrykk på minimum bachelor-nivå. Kommunal sektor er den største arbeidsgivaren, og vi vil utfordre forvaltninga til at ein ser på stillingane i

kulturskolane med tanke på å betre tilhøva og moglegheitene for skapande og utøvande verksemd.

Kva rolle kan institusjonane spele for auka tilgang til kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?

Styrke institusjonane:

Institusjonane har mange sentrale roller: som oppdragsgivar, som sentrum for fagmiljø, som opplæringsarena, som produserande og utøvande eining. Dei har eit særleg ansvar for god og relevant programmering, innhenting av kompetanse, tilgjenge, mangfald og publikumsutvikling. Føreset at institusjonen har god organisering, økonomi og nettverk, kan dei trekke til seg personell frå inn- og utland. Ein velfungerande institusjon samarbeider med andre, og har medvit om si eiga rolle. Som oppdragsgivar har dei moglegheita til å utvikle seg ved å la dyktige kunstnarar vere med på å sette premissa. Ei satsing på institusjonane kan føre til styrking av den frie kunsten og frilansmiljøet. Dersom institusjonane lukkast i sine roller, kan dei i auka grad bidra i eit fagmiljø som bind saman både kommunar (ved for eksempel kulturskole), det frie feltet, einskildkunstnaren og frivilligheit (til dømes amatørteater).

Klynger vs. desentralisering:

I Møre og Romsdal er det eit faktum at store og små institusjonar ligg geografisk spreidd. Dette er naudsynt for å gi best og flest moglege tilbod til publikum. Opera, teater, museum, festivalar, bibliotek, kyrkja, orkester, galleri med fleire er alle eksisterande aktørar som har ein grunn-infrastruktur, og som gir stor kraft i samfunna der dei er lokalisert. Dei er sentrale når det kjem til sysselsetting av profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, og bør bli styrka gjennom midlar, samarbeid og nettverk. Fylkeskommunen som samfunnsutviklar er oppteken av dette. Det er likevel ingen motsetnad til i større grad å bygge opp kunst- og kulturklynger knytt til institusjonane i fylket. Ei slik utvikling er ønska både som næringsutvikling og større publikumsappell, og vil kunne fungere som eit trekkplaster fagleg og sosialt for fleire kunst- og kulturarbeidarar.

Arbeidslivsrelevans:

Institusjonane kan også bli brukt som kompetente praksisplassar og gi arbeidslivsrelevans. Høgskolen i Volda er engasjert i å gi studentane ein kunnskapsdimensjon gjennom praksis og entreprenørskap ved etablerte verksemdar, som for eksempel ein kunst- eller kulturinstitusjon. Denne tankegangen kan bli brukt i annan opplæring, og gi rekruttering av nye kunst- og kulturarbeidarar, men også inspirere og gi ny kunnskap til innovasjon i institusjonane.

Kva er fylkeskommunane sitt viktigaste verkemiddel for å legge til rette for fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?

Planverk, økonomi, nettverksbygging og regional infrastruktur er fylkeskommunen sine viktigaste direkte og indirekte verkemiddel for å oppnå fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø. Årlege tiltak er:

- Stipend og tilskotsordningar
- Arrangere møteplasser, konferansar og seminar
- Samarbeid og dialog med stat og kommune

- Kartlegging av den regionale situasjonen, slik at fleire forvaltningsnivå kan støtte opp om dei moglegheitene som blir skapt og dei utfordringane som blir identifisert

I tillegg er eigarskap og å inngå avtalar med samarbeidspartnarar tiltak for å sikre utvikling, forankring og styrking av miljø.

Årlege kontaktmøte mellom sentrale regionale aktørar og fylkeskommunen er eit eksempel på kva som gir ytterlegare forsterka gjensidig kjennskap. Med kontaktmøta er det potensiale for at både stat og vertskommunane i større grad blir involverte og får meir kunnskap om felles aktørar.

Fylkeskommunen har ein sterk posisjon som finansiell bidragsytar. I det profesjonelle miljøet er det ei forventning om at fylkeskommunen følger opp i feltet, og tar ei utviklarrolle. Det regionale nivået har moglegheit til både koordinering, drift av nettverk, kartlegging og finansiering, av til dømes infrastruktur som arbeidsstader/-fellesskap.

Eit viktig mål for Møre og Romsdal fylkeskommune er å arbeide med meir heilskaplege utdanningsløp innanfor kunst- og kulturfeltet, og på alle nivå. Her er vil plan- og nettverksarbeidet med aktørar i universitets- og høgskolesektoren vere den viktigaste metoden for å oppnå målet.

Korleis kan dei ulike forvaltningsnivåa best arbeide saman for å nå målet om fleire kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø?

På same måte som kulturpolitikken, er kunstnarpolitikk summen av kommunal, fylkeskommunal og statleg politikk.

Systematisk dialog mellom nivåa om dei same aktørane eller tema, vil gi felles kunnskap om kva som skjer i feltet som til dømes å fange opp veksande og nye miljø. Dette kan gi ein koordinert innsats og samanfallande strategiar frå stat, fylkeskommune og kommune. Forvaltninga kan også samarbeide om møteplassar, informasjon og samarbeid om fag. Det er ei oppfatning at det kommunale nivået generelt er det økonomisk og faglege mest sårbare nivået med omsyn til kunstnarpolitikk. Både administrativ organisering og politisk forankring (planar) er varierende i fylket og i landet. Det er mellom anna eit ønskje frå både kunstnarar og fylkeskommunen, at dialog mellom nivåa fører med seg forpliktande samarbeid, og at staten lyttar meir til kommune og fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har sjølv tatt initiativ til å etablerer og løfte kulturpolitikken som politikkområde i kulturektoren, og søker no tettare samarbeid med KS Møre og Romsdal.

Ei kartlegging frå 2021 (Oxford Research) viser at det i Møre og Romsdal er 23 prosent av respondentane som har ein eigen kulturplan. På landsbasis er dette talet 38 prosent. Av dei som har forankra kulturfeltet i kommuneplanen sin samfunnsdel, er det nasjonale talet 57 prosent, medan det i Møre og Romsdal er 41 prosent. Dette er interessante tal ut frå antakinga om at det er ein samheng mellom politisk forankring av kulturfeltet i planverk og prioritering og medvit om kunsten og kulturen sin status og plass lokalt. Ei sterkare samarbeid mellom forvaltningsnivåa i høve til strategisk planarbeid, kan vere tenleg for å få til eit tettare samarbeid for å nå målet om fleire om kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø. Då vil arbeidet vere forankra i regionale utviklingstrekk og moglegheiter.

Korleis sikre at kunstnarbefolkninga speglar vårt mangfaldige samfunn?

Dette spørsmålet er ikkje opphavelig med i spørsmålet frå departementet til fylkeskommunane, men vart tatt opp på innspelsmøtet som Møre og Romsdal fylkeskommunen arrangerte 15.8 for det regionale profesjonelle feltet.

Det vart foreslått eit eige mangfaldseminar, der mangfald må bli forstått som noko meir enn etnisitet og kjønnsuttrykk. For å komme nærare eit godt mangfald, må ein ha medvitne strategiar i finansiering og rekruttering. Mange meiner at det primære er å sikre rammene generelt for kunstnarane, dernest kan ein sjå på tiltak for å synleggjere den breie kunstnarbefolkninga. Skolen som arena er viktig, og i samtalen om kunst må kunst også bli sett på som ein verdi. Institusjonane si bevisste programmering, lågterskeltilbod og breiddetilbod i skolefritidsordninga (SFO) blir framheva som viktig.

Avslutning

Å auke talet på kulturarbeidsplassar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal vil vere viktig for framtidig utvikling. Fylket har sterke tradisjonar innanfor andre fagfelt, og innovasjon, industri, eksport, maritim aktivitet og ny grøn teknologi har ein stor plass i arbeidslivet. Det er også sterke røter i fylket innanfor kulturfrivilligheita. Sjølv om Møre og Romsdal ikkje har ein storby, er det viktig å skape gode vilkår for gode liv for alle ved hjelp av dei gode miljøa som finst i dag, og som kjem i framtida.

Fylkeskommunen er opptatt av å styrke både leverandørane og innhaldet av ein mangfaldig profesjonell kunst- og kultursektor. Både for befolkninga og for kunstnarbefolkninga blir ei ny kunstnarmelding viktig i vidare arbeid med å styrke kunsten sin plass i samfunnet. Vi ser fram til å sjå og dele den nye kunstnarmeldinga med resten av fylket.